

ABO Plan & Arkitektur AS
v/Mathilde Johnsen
Postboks 291
5203 Os

Saknr.: 22-009 **Kommune:** Austrheim **gbnr.:** 160/117 **Gardsnamn:** Lauvøy **Dykkar ref.:** Gbnr 160/117
Lauvøy

Varsel om oppstart av reguleringsplan for Lauvøy, gbnr 160/117.

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2022/	Inn	25.08.2022	ABO Plan & Arkitektur AS v/ Mathilde Johnsen	Oppstart reguleringsplan	SMV

NGIR har mottatt varsel om oppstart av reguleringsplan for Lauvøy gbnr 160/117 i Austrheim kommune, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Austrheim kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast.

Hytter leverer avfall til felleskonteinrar plassert ulike plasser i kommunen.

I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 25. august 2022

Siv-Merete Vedå

Siv-Merete Vedå
-Kunderådgjevar-